

Forslag til arbeid med kapittel 10 i nyare historie: Det unge norske demokratiet

Kompetansemål

Elevane skal kunne

- drøfte korleis ideane frå opplysningstida påverka og blei påverka av samfunnsomveltingar på 1700- og 1800-talet
- gjere greie for demokratiutvikling i Noreg frå 1800-talet og fram til 1945 og analysere drivkreftene bak denne utviklinga

Kapittelet heiter «Det unge norske demokratiet». Elevane bør finne ut kva som ligg i denne formuleringa. La dei først finne ut av kva eit demokrati er. Ein kan saman prøve å lage ein definisjon. Vidare skal elevane finne ut av korleis Noreg blei stadig meir demokratisk i åra mellom 1814 og 1884.

Ein kan for eksempel gi elevane eit skjema som dei skal fylle ut, der dei skal finne ut kva aspekt ved det norske samfunnet som var demokratiske eller udemokratiske etter at Grunnlova var utforma i 1814. Deretter skal dei finne ut korleis samfunnet endra seg i ei meir demokratisk eller udemokratisk retning i åra mellom 1814 og 1884. Når elevane har fylt ut skjemaet, vil dei finne ut at Noreg heilt tydeleg blei meir demokratisk i denne perioden.

Skjemaet kan sjå slik ut:

	Slik var det (frå 1814)	Slik blei det (1814–1884)
Demokratisk		
	Slik var det (frå 1814)	Slik blei det (1814–1884)
Udemokratisk		